



Volda kommune



# Melding frå dei unge

**Innspeil frå barn og unge til kommuneplanen for Volda 2016–2028**

Laga av ungdomsrådet i Volda, hausten 2015.

# Hei Rådmann, Ordførar og Kommunestyret

Heftet de sit med no, er ungdommen i Volda si meining om korleis vi ønsker å ha det i kommuna. Hausten 2015 har vi i Ungdomsrådet gått frå klasse til klasse på skulane i kommuna, der vi har fått tilbakemelding på kva ungdommen meiner er bra, må gjerast betre og kva som gjerast for å ta vare på det som er bra. Vi i Ungdomsrådet håper de høyrer på kva vi seier og at de nyttar dykk av dette heftet når de skal jobbe med dei ulike tema i kommuneplanen.

Beste helsing  
Eirik Sjøhelle Eiksund,  
leiar i Volda Ungdomsråd.

## Representantar i ungdomsrådet skuleåret 2015/2016:

Eirik Eiksund	Leiar, Volda ungdomsskule, 10. klasse
Maiken Gjøsdal	Nestleiar, Volda videregående skule
Amailie Gjøsdal Wollmann	Volda videregående skule
Ilja Elisabeth Bech	Volda ungdomsskule, 8. klasse
Sigurd Tverberg	Volda ungdomsskule, 9. klasse
Karina Straume	Folkestad skule
Susanne Breivik	Dalsfjord skule
<i>(manglar representant)</i>	Austefjord skule
Elias Eide Brattli	Frivillige lag og organisasjonar
Ingvild Sunde Stokke	Frivillige lag og organisasjonar
Peter Bjørneset	Ungdomsklubben
Mathias Jansen Rindal	Vara

---

## Innhald

Til ordførar og politikarar i Volda		Volda i regionen	s. 14
Til rådmann og administrasjonen	s. 2	Volda sentrum	s. 17
Innleiing og metode	s. 3	Folkehelse	s. 20
Barnekonvensjonen	s. 4	Klima og miljø	s. 23
Visjon: Volda for alle	s. 6	Tenester	s. 26
Attraktivitet	s. 8	Samfunnstryggleik	s. 29
Busetting	s. 11	Nyttige lenkar	Bak

# Innleiing og metode


“Alle barn har rett til å seie meininga si, og den skal bli tatt på alvor”, står det i artikkel 12 i barnekonvensjonen (sjå neste side). I samband med rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel ynskte Volda kommune å høyre meiningane til barn og unge. Korleis ynskjer dei ha det i kommunen i framtida?

Dette heftet er resultatet etter eit medverknadsprosjekt gjennomført hausten 2015. Prosjektet vart leia av planleggar i kommunen, saman med barne- og ungerepresentanten og koordinatoren for ungdomsrådet.

## Metode

Våren 2015 gjorde ungdomsrådet i Volda eit vedtak om at dei ynskte å delta aktivt i arbeidet med å rullere kommuneplanens samfunnsdel. Ungdomsrådet i Volda består av 11 personar, og har representantar frå ungdomsskulane i Volda, Volda videregående skule og frivillige lag og organisasjonar. Med utgangspunkt i hovudtema i planprogrammet til kommuneplanen vart fylgjande framdriftsplan sett opp:

Dato:	Tema:
23. september 2015	Oppstart og informasjon. Visjon og tenester
14. oktober 2015	Busetting, Volda i regionen og Volda sentrum
28. oktober 2015	Attraktivitet og folkehelse
18. november 2015	Klima og miljø og samfunnstryggleik
16. desember 2015	Avslutning av arbeidet



Det vart laga eit oppgåvehefte som vart delt ut på det fyrste møtet. Ungdomsrådet representerer ikkje berre seg sjølv som einskildpersonar, men dei representerar all ungdomen i Volda. Difor fekk ungdomane i oppgåve å ta med seg oppgåveheftet tilbake til sin skule, og svare på spørsmål saman med andre. Oppgåvene i heftet kunne til dømes svarast på av elevråd, skuleklasser eller andre ungdomsgrupper. Skulane og rektorane i Volda vart informert om prosjektet, og oppfordra til å støtte ungdomsrådsrepresentanten i arbeidet. På den måten kunne ungdomsrådsrepresentantane møte førebudd til kvart møte. Innhaldet i dette heftet inneheld difor ikkje berre ungdomsrådet sine meiningar, men meiningar frå born og unge i heile kommunen.

På møta vart det gått gjennom fem spørsmål til kvart tema:

- Kva er utfordringane i Volda?
- Kva er bra?
- Korleis vil vi ha det?
- Kva kan vi gjere for å få det betre?
- Kva må vi gjere for å ta vare på det som er bra?

Kvar representant fekk i oppgåve å sortere sine innspel og velje ut dei to til tre viktigaste punkta under kvart spørsmål. Svara vart i hovudsak skrive på gule lappar og presentert for gruppa. I dette heftet er svara samla og sortert etter tema. Like punkt er slått saman til eit punkt. Dei innkomne innspela vart skrive både på bokmål og nynorsk, i stikkordsform og heile setningar. Det er lagt vekt på å vidareføre innspela så “autentiske” som mogleg, og dokumentet inneheld difor ein blanding av skriftmål. Ungdomsrådet har også sendt inn bilete til kvart tema, med kommentarar. Nokre av desse bileta er nytta som illustrasjonar i heftet. Representantane i ungdomsrådet har fått høve til å lese gjennom heftet og kome med korrigeringar før endeleg versjon.

Heftet skal overrekkast kommunestyret i Volda, og fungere som eit innspel frå born og unge i Volda til kommuneplanen sin samfunnsdel.

# BARNE- *konvensjonen*

Alle barn har rett til vern mot diskriminering



Alle barn har rett til privatliv



Alle barn har rett til at ingen skadar eller misbrukar dei



Alle barn har rett til å seie meininga si, og den skal bli tatt på alvor



**1.**  
Rettane i denne konvensjonen gjeld alle barn og unge under 18 år

**2.**  
Alle barn har rett til vern mot **diskriminering**

**3.**  
Vaksne skal gjere det som er best for barn

**4.**  
Det er **staten** som har ansvaret for desse rettane

**5.**  
Foreldre har rett til å gje barn dei råda dei meiner dei treng

**6.**  
Alle barn har rett til eit liv og ei framtid

**7.**  
Alle barn har rett til eit namn og til å kjenne foreldra sine og få omsorg frå dei

**8.**  
Alle barn har rett til å ha eigen identitet

**9.**  
Alle barn har rett til å bu saman med foreldra sine med mindre det ikkje er bra for dei

**10.**  
Viss barn og foreldre bur i forskjellige land, så har dei rett til kontakt og kan søkje om å bu saman

**11.**  
Barn skal ikkje bli **bortførte** til utlandet

**12.**  
Alle barn har rett til å seie meininga si, og den skal bli tatt på alvor

**13.**  
Alle barn har rett til å få informasjon om det dei lurar på og rett til å gi uttrykk for det dei meiner så lenge dei ikkje bryt andre sine rettar

**14.**  
Alle barn har rett til å tenkje og tru på det dei vil. Men, foreldra har rett til å gje dei råd

**15.**  
Alle barn har rett til å vere med i organisasjonar og klubbar så lenge dette ikkje bryt med andre sine rettar

**16.**  
Alle barn har rett til **privatliv**

**17.**  
**Staten** skal syte for at barn får informasjon og underhaldning som ikkje er skadeleg for dei

**18.**  
Alle barn har rett til å bli oppdratt av foreldra sine om det er mogleg

**19.**  
Alle barn har rett til at ingen skadar eller misbrukar dei

**20.**  
Alle barn har rett til hjelp viss dei ikkje kan bu med familien sin

**21.**  
Adopsjon skal bare skje til det beste for barnet

**22.**  
Barn har rett til ekstra vern viss dei er flyktningar

**23.**  
Barn med funksjonsnedsetjingar har same rett til omsorg, skule og utdanning som alle andre

**24.**  
Alle barn har rett til eit godt helsetilbod

**25.**  
Alle barn har rett til å bli fylgde opp viss dei ikkje bur med familien sin

**26.**  
Alle barn har rett til økonomisk hjelp viss dei treng det

**27.**  
Alle barn har rett til god nok **levestandard**

**28.**  
Alle barn har rett til skule og utdanning

**29.**  
Alle barn har rett til ein god skule som gir dei nødvendig kunnskap og utvikling

**30.**  
Barn som tilhøyrer ein minoritet eller eit urfolk, har rett til å bruke sitt eige språk og sin kultur, og praktisere religionen sin

**31.**  
Alle barn har rett til kvile, fritid og leik, og til å delta i kunst- og kulturliv

**32.**  
Arbeid skal ikkje gå ut over skule eller helse

**33.**  
Alle barn skal verjast mot narkotika

**34.**  
Alle barn skal verjast mot seksuelt misbruk

**35.**  
Barn skal ikkje bli selde eller bortførte

**36.**  
Alle barn skal alltid verjast mot å bli utnyttta

**37.**  
Barn skal ikkje straffast på ein måte som skadar dei

**38.**  
Barn skal ikkje brukast som barnesoldatar

**39.**  
Alle barn har rett til hjelp viss dei har opplevd noko vanskeleg og skadeleg

**40.**  
Alle barn har rett til rettferdig behandling viss dei har brote lova

**41.**  
Viss nokre lovar er betre for barn enn barnekonvensjonen, så går dei føre

**42.**  
**Staten** skal passe på at både barn og vaksne veit om disse rettane

## KVA BETYR DET?

**Diskriminering:** Behandle forskjellig

**Staten:** Dei som bestemmer i landet **Bortført:** Kidnappa

**Privatliv:** Du har rett til å vere for deg sjølv og ha tinga

dine i fred **Levestandard:** Nok pengar å leve for

# WWW

Dette er ein forenkla versjon av barnekonvensjonen.  
Les heile på [www.barneombudet.no/barnekonvensjonen](http://www.barneombudet.no/barnekonvensjonen)  
og [www.unicef.no/barnekonvensjonen](http://www.unicef.no/barnekonvensjonen)  
Her finn du også meir informasjon og forslag til oppgåver.

Barneombudet skal passe på at barnekonvensjonen blir fylgd i Noreg. UNICEF arbeidar for at barnekonvensjonen skal bli kjent og fylgd i heile verda.



BARNEOMBUDET



# Visjon: Volda for alle

## ► I arbeidet med å lage kommuneplan for Volda kommune skal visjonen "Volda for alle!" nyttast. Kvifor kan det vere nyttig å ha ein visjon?

- Det kan vere nyttig fordi då har ein eit mål som alle skal, så godt dei kan prøve å fylgje.
- Ein visjon kan vere med på å motivere.
- For å kunne vite kva ein skal jobbe med framover mot og kva som er "målet". Den kan hjelpe oss vidare om vi sit fast.
- For å få draumar til å gå i oppfyllelse og få kommuna ein betre plass å vere.
- Definere kva vi vil med framtida. Minne oss på kva vi vil. Setje mål. Inspirere. Noko å jobbe mot.
- Det gir oss eit engasjement til å utføre oppgåva.
- Fordi det å ha eit mål er som drivkraft nesten, ein visjon er kva man vil skal skje og da jobber man hardare.

## ► Kva legg du i visjonen "Volda for alle?"

- Eit Volda der alle vert ivaretatt, sett og høyrte. Så spesielt ungdommen, barn og eldre.
- Å inkludere alle, både barn, vaksne, gamle, tilflyttarar, asylsøkjjarar og liknande; at dei skal ha eit trygt miljø som dei kan leve, opphalde og bu i.
- Volda skal vere ein plass der alle blir sett og høyrte på. Omsorgstilbod, skule og butryggleik er viktig, og dei med spesielle behov (funksjonshemmingar) skal få behova dekt. Omsorg fyrst!
- At Volda skal vere ein stad å leve for alle, alle er like mykje verdt, like viktige, alle har ein stad i Volda dei kan kalle sin "heim", sin "skule" osv. Volda for alle vil seie at det er eit Volda der alle blir inkludert og alle høyrer heime, dei kan drive med det dei vil og alt det dei er interessert i.
- At alle skal vere med på å seie meininga si. Vere med på å forme samfunnet slik ein/gruppa vil.

## ► Kven er "alle" i Volda?

- "Alle" er bokstaveleg talt alle! Du er ein del av alle uansett kven du er, kvar du kjem frå, kjønn, seksuell legning og enkelt og greitt kven du er som person.
- "Alle" i Volda er alle; alle på bygdene, alle i sentrum, alle som likar sterk mat, alle som likar isbading, alle som er gamle, alle som er sjuke, alle som er friske, alle som manglar vener, alle som treng hjelp, og kvar enkelt person i kvar enkelt klasse på kvar enkelt skule. Sjølv om dei ikkje kan bidra i det store fellesskapet eller samfunnet, så er dei med og dei er ein av alle i Volda!
- Dei som bur, kjem til, vil til Volda.
- Alle i Volda: ungar, ungdomar, vaksne, eldre. Heterofile, homofile, lesbiske, bifile, transpersonar, rånarar, hooligans, studentar. Enkelt sagt: Alle i Volda.
- Alle i Volda har ingen ting å si om man er herfrå eller ikkje. Kanskje alle som tenkjer på Volda som mitt hjem eller som ønsker det.



Bilete frå juleavslutning, Volda ungdomsskule. INGVILD

### ► Kva er viktig for innbyargarar i din aldersgruppe (13–18 år)?

- Utdanning, skulegang, fritidsaktivitetar, kollektivet, bli høyrte.
- Å bli sett, høyrte, tolerert og respektert. Er veldig viktige ting innafor mi aldersgruppe. Å få hjelp når det gjeld skule, fritid, vener, jobb, sjukdom osv. Det er no det er lettast å gjere noko med det. Dei som er flyktningar t.d. treng hjelp med språk og sosialt miljø, treng hjelp med dette no, det er no det er viktigast og lettast å endre og å gjere noko med det.
- Å ha bra tilbod for aktivitetar, kollektivtilbod og skulemiljø, også for bygdene. Og dei med spesielle behov må verte høyrde. Fint sentrum i gata og spinneriet.
- Gode kollektivtransporttilbod, venner på utkantar. Plassar folk som ikkje spelar fotball osv. kan vere. Tak over SKATEPARK.
- Det er viktig med ein god og trygg skule med flinke lærarar og vener, og bli høyrte.
- Tilbod, tilpassa undervisning om det er nødvendig, ein god stad å bu, vere med på å bestemme, ikkje bli sett til sides, oppussing av bygg som ungdomen brukar.
- Psykisk helse, kreative utfordringar og trygge rammer.
- Utdanning, utdanning og atter utdanning.
- Gode tenester, tilrettelegging for folk som er "annleis", å bli høyrte av politikarane og kommunetilsette.
- Studie og gode studiemiljø, gode arbeidsmiljø og arbeidsmoglegheiter, kollektiv transport og gode vegar, køyrefelt, aktivitetar og uteområde.
- Kollektivtransport, trygghet, skule, helsetenester. Å bli høyrde. PIZZA. Humor, 4G, Fiberkabel, NARNIA! (kommunesamanslåing).
- Opprusting av ungdomsskulen og Ungdomsklubben. Viktig for mi aldersgruppe: KULTUR, (eit dekkjande kulturtilbod for alle – trening, korps, andre aktivitetar), helsetilbod for ungdom.

### ► Kvifor skal vi tenkje "Volda for alle" i kommuneplanarbeidet?

- Kommuneplanarbeidet vil påverke/gå ut over alle som bur i kommunen, og difor må alle takast hensyn til!
- For å gjere Volda til ein betre plass å bu for alle!
- For å lage stadar og plassar å vere for alle, alle typar, alle interesser, alle behov og alle arbeidsplassar. Dette er viktig for at folk skal kunne trivast og synast det er ein god stad å vere og bu, ikkje berre for ung, men og for gamle og sjuke, misbrukarar, vaksne, flyktningar osv.: "Volda for alle"
- Alle må verte høyrte, alle har meiningar.
- For å inkludere alle.
- Fordi man må ha ei kommune som folk likar, for det er tross alt folka i kommuna som skal leve/bo her, så det er viktig å trives.
- Vi må fremje demokratiet og inkludere alle for å få til eit velfungerande samfunn som virkelig er for folket.
- Fordi det er viktig å forme kommuna etter folket slik at dei har ein grunn til å ville bu her, trivast her og forbli her.



Bilete frå juleavslutning, Volda ungdomsskule. INGVILD

## ► Kva er utfordringane i Volda?

- Lange distansar.
- Utslitne brygg, manglar kulturhus. Hotellet er lite hyggeleg, + samfunnshus. Musikkskulen i dårlig stand. Gamle bygg utslitne.
- Dødt sentrum, død gågate, lite butikkar. Førsteintrykk av Volda: store stygge bygg, det ei ser er bygga, bør pussast opp.
- Konkursbutikkane; næringslivet slit. Vi treng fleire butikkar. Bør jobbast med. Lite å henge for i sentrum.
- Fixe 1000 års parken (Uppheimsparken): benken har hol, bør beisast.
- Rot i gatene, spesielt rundt Rokken. Bør vere fleire bosbøtter, rundt Rokken, einvegskjørt gate ovanfor ferjekaia mykje bos.
- Sprengte skular i sentrum og på Mork.
- Mange fryktar nedlegging av skular i grendene pga. lågt antall elevar.
- Lite arbeidsplassar spesielt for ingeniørar.
- Lokale ungdomsklubben er for liten. Mangel på fritidsaktivitet: turn, bowling.

## ► Kva er bra?

- Mange fritidstilbod. Ungdomsklubb, skatepark, stadion, hjelper veldig. Mørehallen. StudiebygdA. Reset, trygt. Kino og ungdomsklubb. Bra tilbod angående fritidsaktivitetar.
- Bibliotek, gode lærarar, kulturskulen. Gode kommunale tenester.
- Høgskulen. Utdanningsmoglegheit. Rokken.
- Sjukehus.
- Flyktingemottak, tek imot mange.
- Bra mattilbod.
- Hamnegata, sentrumsgata ser veldig fin ut, gir inntrykk av ein del liv. Koseleg, fin og rein. Spinneriet tek seg opp, bra butikka, det er kjekt.
- Fin natur.
- Kjekt å vise fram Volda kyrkja vårt varemerke.



Lite sitteplassar i Volda sentrum/smug i Volda sentrum.

SIGURD



Har kino og ungdomsklubb.

SIGURD



Musikkskulen i Volda i dårlig stand.

SIGURD



## ► Korleis vil vi ha det?

### Vi vil ha eit attraktivt og florerande sentrum.

- Fleire butikkar. Meir butikkar – variert. Stort og bra kjøpesenter. Mykje og stort næringsliv.
- Vakkert sentrum.
- Mange møteplassar. Benkar å sitte på.
- Fleire parkar. Små, grønne lungar med benkar og bossbøtter. Reint og fint.
- Fine, gode og trygge vegar.
- Lage til gågata slik at folk faktisk veit at det er ei gågate.

### Vi vil ha god og trygg oppvekst for barn.

- Fritidsaktivitetar og andre tilbod. Fritidsaktivitetar utan konkurranse! Bør ha eit alternativ til dei som ikkje driv med sport!
- Godt miljø. Vi vil ha det inkluderande, mobbefritt og eldreomsorg.
- Eit samfunn med moglegheiter for folk i alle aldrar og med forskjellige behov.
- Meir attraktivt på Årneset.
- Fleire arbeidsplassar for ungdom.
- Turn i Ørsta/Volda (Viktig!!)

### Vi vil ha fine og offentlege bygg som er kjekke å sjå på og vere i!

- Oppussing av Volda ungdomsskule. Betre skuler, ny Voldahall, ny gymsal, betre svømmehall.
- Hotel, attraktive leiligheiter, museum.
- Fine bygg og område slik at Volda vert mest mogleg attraktivt.

## ► Kva kan vi gjere for å få det betre?

### Vi kan utføre små oppgraderingar i sentrum for at det skal bli koseligare å opphalde seg der.

- Fleire fine parkar med for eksempel ei stor klatreborg.
- Rydde opp og halde gatene reine.
- Blomstrar i sentrum – viser til sentrumsplanen.
- Fleire butikkar.
- Pimpe gågata.
- Sette opp benkar og halde ved like og skape grønne lungar.
- Måle benkar, tak over møteplassar. Tak over benkar.

### Vi kan renovere bygg og andre plassar.

- For å få det betre kan vi få symjebasseng til ungdomsskulen og Øyra. Ny kino. Renovere stadion.
- Bruke pengar på oppgradering av bygg. Pusse opp falleferdige bygningar. Ha dugnadar der ein pussar opp gamle og nedslitte bygg.

### Vi kan inkludere, informere og tilrettelegge betre for fritidstilbod.

- Starte klubbar/lag.
- Turn, turn, turn, friidrett, cheerleading.
- Fleire fritidstilbod på den "rette" sida av fjorden.

### Andre ting vi kan gjere:

- Kjempe for at sjukehuset skal bestå.
- Tilrettelegge for næringslivet.
- Fleire arbeidsplassar. Gode arbeidsplassar. Enda fleire gode lærarar.
- Bearbeide leikeplassar.
- Betre busstilbod.
- Forbod mot spreing av illeluktande substansar i sentrum.

► **Kva må vi gjere for å ta vare på det som er bra?**

For å ta vare på må vi vedlikehalde og pusse opp.

- Renovere. Vedlikehald. Beise benkar når det trengs. Stelle blomar og tre i dei grøne lungene.
- Dugnadar – "pusse opp Volda-dag".
- Ikkje gjere hærverk. Ha godt miljø for å førebygge hærverk ol. Informere folk om konsekvensane av bl.a. hærverk.
- Ikkje kaste søppel i natur og på gata – elevar kan plukke?

Vi må halde fram med det gode arbeidet når det gjeld barn, ungdom, eldre, sjuke, skule osv.

- Ta i bruk tilboda.
- Styrke eldres posisjon – fleire tilbod.
- Kartlegge og ivareta. Fortsette med det som er bra.

Fortsette med arrangement i sentrum for å skape liv og røre.

- Ikkje vente for lenge med å male/byggje/lage til små benkar ol. i sentrum.



► **Kva er utfordringane i Volda?**

- Nok bustadar. For få bustadar til studentar. Fleire ulike bustadtilbod. Fleire leiligheiter som tek hensyn til alle aldrar.
- Dyrt å bu her – stor etterspurnad.
- Høge blokkar i sentrum øydelegg utsikt.
- Vi må ha et bredt fokus å vere open for byggefelt i dei mindre bygdene, for å hjelpe opp ditte. Må få ei bru over Voldsfjorden. Ditte gir oss gode og nye moglegheiter for busetjing i Volda kommune. Det er mykje forbedringspotensiale i bygdene. Ditte må skjerpast. Folk busetter seg i Volda i staden for på bygdene. Blir lagt lite pengar til bygda og meir til Volda sentrum.
- Gamle verneverdige hus bør takast i vare.
- Skular nedlagde.
- Ta meir vare på skulane. Oppussing av skular. Ganske dårlege bygg/slitte skular m.m.
- På Volda v.g. skule var det ikkje så mange i klassa som var frå Volda.
- Bra tilbod på fritidsaktivitetar. Dei som går på friidrett eller turn må til Ørsta. 7-8 på skulen ynskja turn som tilbod eller plass til dette.
- Politikarane tenke kun på Volda. Fleire fritidstilbod på "rett" side av fjorden.
- Volda meir attraktiv – få meir til å skje, konsertar, festivalar.
- For få butikkar (i kjøpesenteret). Butikkar nedlagte.
- Få arbeidsplassar. Ikkje mange attraktive jobbar i Volda. Få industribedrifter.
- Vegnettet: dårlege vegar. Ustruktureerte gater/vegar. Ny rundkøyring for stor og svart.
- Store avstandar. Folk bur langt frå sentrum. Alle bur langt frå kvarandre. At vi bur langt frå kvarandre og deler oss i grupper der folk er betre enn andre. Det påverkar fok, med både personlegheit og syn.
- Sette lite pris på bygdene. Skulle vore meir inkludering. Veldig langt ifrå kvar bygd. Difor ville det ikkje vore bra om alle bygdene skulle gå på Volda ungdomsskule. Eg er positiv til bru over Voldsfjorden og ved Nautvikneset-Dravlaus.
- Volda er "ein stor bakke". Ofte opp og ned att og opp og ned att til og frå sentrum-bustadfelt.
- Spreidd busetnad. Lite busetting i utkantane. Få folk til bygdene.
- Nok plass. Arealpress i sentrum. Lite plass og berre butikkar.
- Manglande nattferje. Når nattferja ikkje går lengre, blir det vanskeleg å komme seg heim att, eller i heile tatt å komme seg heim frå Volda på kveldane.
- Få arbeidsplassar. Få industribedrifter.

► **Kva er bra?**

- Det er bra at vi er sopass monge som vi er her i Volda.
- Trygt for barn å leike. Godt samfunn.
- Gå-avstand.
- Mange nye fine hus og flotte hagar.
- At vi får fleire familiar til bygdene.
- Bygging på Klepp.
- Vi har god utnyttelse av område i Volda, difor bør fokus vær på bygdene. Vi har og meir moglegheiter som vi i dag ser at blir utnytta på Klepp.
- Det kan godt kome fleire folk til bygdene, so dei ikkje dør ut. Volda er stor nok frå før. Dei tenka nytt for Volda, men ikkje lengre. Om ein samla alle innbyggjarane i Volda blir det mykje folk. Volda hadde ikkje vore noko utan bygdene. Difor må dei prioriterast!
- At alle he eit sted å bu.
- Vakker natur. Fjord og fjell.
- Høgskule, sjukehus, studietilbod. Gamleheim, skule, barnehage og butikkar. Gode vegar. At vi har ei ferje.
- Sentrum er nært og samla. Praktisk med kort veg til det meste.
- Folk vil bu i sentrum fordi det er betre tilbod. Spinneriet. Maria`s.
- Bra tilbod på fritidsaktivitetar. Mange fritidsaktivitetar. Mange fotballbaner. Kulturskulen.



Havnekvartalet er veldig fint og nytt.  
INGVILD



Bak Havnekvartalet er utsikta heilt øydelagt. Det er heller ikkje så veldig koseleg der. Vi ser at dei har veranda, men sola når aldri verandaen.  
INGVILD



Biletet syner noko negativt, altså at det er fine bustadstomter til sals i Austefjorden, men som ingen vil ha.  
MAIKEN

### ► Korleis vil vi ha det?

Vi vil ha meir folk på bygdene og i Volda sentrum. Då kan det på sikt bli ein kjempestor by. Men då må du gjere så folk he lyst å bu på bygdene og i Volda.

- Mange innbyggjarar. Nok bustadar. Gode bustadar. Lokaler til leige (fleire og betre standard).
- Meir utbygging i område som Klepp, der vi i dag ser at det kjem nye leiligheiter. Ei bru over Voldsfjorden vil og auke interessa for å bu på bygdene. Bygdene har gode naturområdet, difor vil interessen der øke med ei bru. Bru over fjorden vil gi meir bustad og i løpet av 40 år vil det verer billegare å ha bru.
- Fleire familiar til bygdene i Volda kommune. At det skal vere bra med folk (barn) i bygdene. Fleire barnerike familiar til Folkestad. Enklare å bu på bygdene. Bygdene meir inkludert, evt. meir ferjer på kveld.
- At det er nok butikkar både i sentrum og bygdene.
- Vil vil ha Volda "sentralt" for å auke attraktiviteten for å sikre nye tilflyttarar (lokale, kulturtilbod). Sterkt sentrum. Trygt sentrum. Handlekraftig sentrum. Meir moderne.
- Mykje jobbtillbod

Vi vil at folk skal ha det bra og at gamle skal ha kort vei til nærmaste butikk, og park eller andre stader dei vil. Og at barn skal få vokse opp i eit trygt miljø.

- Leikeplassar og parkområde, treng ikkje vere stort. Leikeplassar til barna. Fleire leikeapparat på Folkestad skule.
- At alle er fornøgdde med plassen dei bur på (trygt å bu her). Kjekke folk.
- Fine hus og flotte hagar og felles uteareal. Attraktivt å bu i Volda.
- Vil vil ha nattferje/bru. Betre og billegare kollektivtransport. Fine vegar. Bedre veinett. Fleire rundkøyringa (ved ferjekaia).
- Godt skule/barnehagetilbod. Utvide sentrumsskulane.

Vil vil ha det trygt og bra/gøy med mange muligheter når det kommer til for eksempel fritidsaktiviteter.

- Ny hall. Fotballbane andre plassar på stadion. Nytt klubbhus på stadion.
- Kulturelle tilbod/møtestadar for ungdom. Jazzbar.
- Tilskuddsordningar.

### ► Kva kan vi gjere for å få det betre?

Vi kan ta inn fleire innvandrarak og lage sentrum til ein plass vil flytte til. På bygdene er det viktig å ha eit godt skuletilbod, butikk og ferje/bru. Alt heng i lag med alt.

- Leggje til rette for nye tilflyttarak. Innvandrarak til bygdene. Flytte fleire barnerike/asylsøkar familiar til Folkestad.
- Bygge fleire bustadar. Bygge ut bustadfelt. Vi kan bygge hus og bygninga beregna på folk fra store familiar til to gamle par. Slik at dei kjem til kvarandre og he turveia.
- Små boligar i bygdene der små familiar vil busette seg.
- For å få betre utbygging kan vi fortsette utbygginga på Klepp.
- Bygdene er et forbedringspotensiale som for partiene vil være viktige stemmer fram i tida.
- Vi kan få til fleire arbeidsplassar og ha beire skule og barnehage.

Vi kan få eit betre transporttilbod.

- Gang- og sykkelvegar, få fleire. Ta bort fortauskantar som er høge slik at det vert lett å sykle.
- Bygge bru over Voldsfjorden til Dalsfjord/Folkestad. Nattferje. Voldatunnelen.
- Fleire bussar (og folk som tek bussen).
- Bygge ut vegnettet til nye byggefelt.
- Ta i bruk/utvikle sentrum. Bruke det vi har i større grad. Spinneriet må oppgraderast. Få fleire butikkar utanfor sentrum.

Vi kan få fleire fritidsaktivitetar

- Betre kulturtilboda (t.d. nytt kulturhus/hall).
- Oppretthalde turvei/turområdet.
- Skaffe meir pengar ved hjelp av festivalar osv.
- Dugnad.

Vi kan lytte til folk.

- Spørre Ungdomsrådet.
- Lytte til det folk som har planar om å flytte hit syns.
- Vere engasjert, jobbe for saka si.

### ► Kva må vi gjere for å ta vare på det som er bra?

Ha uteområder og felles areal rundt om i gatene oppe i byggefelt.

- Smile til kvarandre og stille på lokale dugnadar, plukke søppel og rydde.
- Ta vare på miljøet og det som er bra. Oppretthalde det gode og trygge miljøet.
- Fortsette å oppretthalde bygdesamfunna.
- Vedlikehalde. Pusse opp bygningar og boligar. Holde det reint. Gjøre en innsats!

Vi må beholde det vi har.

- Fortsette med det gode skuletilbodet. Ikkje legge ned skular. Oppretthalde skule og barnehage ved å flytte nye familiar til bygda. Halde vedlike skular og barnehagar.
- Same butikktilbodet eller meir. Handle på butikken.
- Stille opp på arrangement og festivalar. Ta i bruk dei tilboda vi får. Prioritere økonomien for å støtte det me er fornøgd med. Kartlegge det folk meiner er bra.
- Kjempe for sjukehuset.
- Meir utbygging på Klepp. Utnyttelse av sentrum.

# TEMA: **Volda i regionen**

## ► **Kva er utfordringane i Volda?**


- Samferdsel, fjorder å krysse. Dårlege vegar. Dårleg asfaltering.
- Vegnettet dårleg. Vegen i rushtida mellom Volda og Ørsta. Tunnel må takast opp (kø no, Mork, Ørsta eller andre plassar og kaos i Egsetsvingen).
- Dårleg kollektivtilbod, dyrt og sjeldan. Transport frå bygdene til Volda. Dårlige busstilbod mellom Volda og Ørsta. Utanfor ballettskulen i Ørsta er det buss-stopp berre til Volda, ikkje frå. Gjer det vanskeleg å rekke trening rett etter skulen.
- Transport er dyrt. Buss Ørsta-Mork same pris som heilt til Volda. Urettferdig! Sinnsykt dyrt med ferje viss ein ikkje er skuleelev.
- Ikkje så mykje å vise fram. Ingen ting å vise fram anna enn Haualeite, Sivert Aarflot-museet – ikkje ope).
- Dumt at vi he berre Scana att som industribedrift.
- Få bønder.
- "Ytterst" i Møre og Romsdal. For dei som bur på Bjørkedalen så trur eg det er ulemper for både skular og slikt. For som på f.eks Folkestad som vil gå på vidaregåande på Eid, er det vanskeleg å få plass.
- At dei vil sentralisere alt.
- Samanslåing av Volda og Ørsta.
- Volda har gode moglegheiter for samarbeid med Ørsta, noko vi i dag utnyttar godt. Furene ligg som eit langt knytepunkt mellom Volda og Ørsta. Der har vi framleis meir utbyggingsmoglegheiter.
- Helsetenesta. Sjukehuset. Vi på den andre sida av fjorden kan bruke lang tid på å kome oss til sjukehuset (spesielt om natta).
- Ungdom reiser til Ørsta eller Moa eller brukar nettbutikk.
- Vanskeleg å få jobb for ungdom.

## ► **Kva er bra?**

- Sjukehus. Helsetenesta. Helsestasjon for ungdom er positivt. At vi he eit breitt tilbud til sjuke.
- Flyplass er bra. Politi. Høgskule, tingrett og vidaregåande skule. At det er lett tilgong til vidaregåande skule.
- At vi he eit tett samarbeid med Ørsta. Vi har eit godt samarbeid med Ørsta i Furene. Med kommunesamanslåing kan vi utvide dette spekteret vidare. Ørsta/Volda held på å "gro saman". Hovdebygda-Mork snart viska ut grenser (felles fotball-lag). Godt samarbeid med Ørsta t.d. skyting.
- Vi har og ei god moglegheit for kjapp reise til Ulsteinvik.
- Bra med bedrifter frå Hovdebakken-Furne.
- Det er mange ulike fritidsaktivitetar. Kino. Den nye biblioteket. Fotballbane. Skisenter. Stadionområdet. Skatepark. Fysisk aktivitetstilbod. Kulturtilbod og musikk. Rokken. Festivalar.
- Alt er i Volda. Dei i Volda he det for det meste bra. God trivsel.
- "Kjent", mange som veit kor Volda er. Volda på kartet.
- Ballettskulen i Ørsta veldig bra!
- 4G.



Har sjukehus.  
SIGURD



Biletet syner noko positivt,  
dvs Kvivsvegen.  
MAIKEN



Det er trist at Rolls Royce er lagt ned i Volda, vi treng  
fleire industribedrifter enn Scana.  
INGVILD

## ► Korleis vil vi ha det?

### Vi vil behalde viktige funksjonar

- Beholde sjukehuset.
- Flyplass.
- God beredskap. Politi, brann og HV.

### Vi vil ha lettare transport mellom bygder og områder.

- Betre kollektivtilbod.
- Flybuss! Buss-sambandet mellom fly og buss burde samkøyrast.
- Nattferge!!
- At det skal vere lett og billig å kome seg frå ein stad til ein annan. Billige transportmuligheter.
- Beire fylkesvegar. Bru over Voldsfjorden eller nattferje. Bru Nautvikneset-Drabløs. Rundkjøring ved ferjekaia. E39 over Stigedalen. Utvide E39.
- Sykkelveg til Ørsta.

### Vi vil at Volda skal verte eit knutepunkt.

- Ørstingar (++) kjem hit og ikkje omvendt.
- Eit sterkt Volda. Meir handel. Igangsetjing av påbygging på Spinneriet.
- Arrangement/festivalar.
- Industribedrifter og butikkar i samsvar (like monge).
- Tilrettelegge for bedrifter og privat initiativ. Fleire industriar i Ørsta og Volda, gjerne støtte dei som slit.

### Vi vil fortsette det gode samarbeidet med Ørsta.

- Vi vil ha bra samfunn med Ørsta. Samarbeid mellom aktivitetar i både Ørsta og Volda.
- Bruk Furene som eit knutepunkt. Utvikle Furene.
- Godt samarbeid med Ørsta slik at eventuell samanslåing blir betre. Skulle gjerne ønske at Volda hadde slått seg saman med Ørsta. Og eit betre samarbeid med Eid kommune.

## ► Kva kan vi gjere for å få det betre?

### Vi kan få betre kollektivtilbod og jobbe med vegnett.

- Betre kollektivtilbod. Beire busstilbod, tilknytt meir fly-ferje osb. Betre kollektivtransport og fleire fritidstilbod for unge på Folkestadsida av fjorden.
- Få nattferje slik at vi kjem til sjukehuset og ungdomen kjem heim! Og satse på bru.
- Fikse vegar. Betre fartshumpar. Lage raskare og betre + effektive trafikkløysingar. Betre fergetilbod, helst bru.

### Vi kan styrke sentrum.

- Støtte næringslivet med butikkar i sentrum.
